



Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Rosendal 25 – 26. august 2008



TILSTADES:

	NAMN	INSTITUSJON
1	Asdal, Åsmund	Norsk genressurscenter
2	Adelsten Jensen, Marit	Havråtunet
3	Austad, Knut	Jærmuseet
4	Bakke, Anne L.	Nordfjord folkemuseum
5	Bjureke, Kristina	Botanisk hage, Naturhistorisk Museum, UiO
6	Blytt, Ellen	Baroniet Rosendal
7	Byrkjeland, Liv	De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
8	Chioko, George	Norsk folkemuseum
9	Dago, Bodil Knudsen	Sør-Varanger museum
10	Dekke, Christine	Baroniet Rosendal
11	Eik, Margun	Baroniet Rosendal
12	Geir Flatabø	
13	Haraldsen, Tom H. Borse	Mjøsmuseet AS
14	Hauge, Leif	Høgskulen i Sogn og Fjordane
15	Honerød, Anne Grete	Baroniet Rosendal
16	Hosar, Kåre	Maihaugen
17	Hovind, Jorun	Universitetet i Oslo, parkanlegget
19	Hvamstad, Per	Nordøsterdalsmuseet
20	Johansen, Cecilie	Vadsø museum - Ruija kvenmuseum
21	Kvingedal, Torhild	Lynghesenteret
22	Lund, Norunn	De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
23	Magne Malmanger	
24	Marstein, Mari	Akershus fylkesmuseum avd. Gamle Hvam museum
25	Mostrøm Fjeldstad, Tove	Havråtunet
26	Myrland, Nina	Botanisk hage, Uio
27	Mølmen, Bjørn	Maihaugen avd. Aulestad/Bjerkebæk
28	Nedrebø, Reidar	Baroniet Rosendal
29	Pedersen, Ragnar	Hedemarkmuseet
30	Rød, Helle	Norsk folkemuseum
31	Storbråten, Knut Ola B	Kvinnemuseet- museene i Glåmdal avd. Odalstunet
32	Strand, Karl Ove	Universitetet i Oslo
33	Sunde, Stein	Norsk folkemuseum
34	Vange, Vibekke	Botanisk hage, Naturhistorisk Museum, UiO
35	Aarvoll, Liv	Botanisk hage, Naturhistorisk Museum, UiO
36	Åsen, Per Arvid	Agder naturmuseum og botaniske hage

MANDAG 25. AUGUST

Velkomen v/ museumsdirektør Anne Grete Honerød

Honerød ønska Kulturlandskapsnettverket velkomne med ein kort presentasjon av Baroniet si historie fram til i dag.

Innleiing v/ Leif Hauge og Liv Byrkjeland
Presentasjonen er lagt ved som eige fil i [vedlegg 1](#).

Restaurering av Kjøkken- & Urtehagen.

Litt om dei historiske kjeldene og grunnlaget for restaureringa og rekonstruksjonen v/konservator for hage- og landskap Margun Eik. Vi fekk utdelt heftet "Kjøkken & Urtehaven på Baroniet Rosendal". Du finn føredraget i [vedlegg 2](#).

Etter føredraget vandra me opp i kjøkkenhagen der Christine Dekke, Ellen Blytt og Margunn Eik orienterte om drifta (foto 1 og 2).



Foto 1. Kjøkken og urtehagen 25.08.08



Foto 2. Margun Eik viser rundt i Kjøkken- og urtehagen.

BARONIET ROSENDAL

Problemstillingar kring skjøtsel og drift av verneverdige hagar og landskapsparkar v/Geir Flatabø

Lege og hobbybotanikar Geir Flatabø som kjenner Baroniet svært godt, tok opp sentrale problemstillingar i føredraget sitt.

Nokre moment:

- Planter på svartelista – tilfeldig utval? I Baroniheggen er også platanlønna verneverdig.
- Granplanting på Vestlandet. Erstatte granplantefelt med verdifulle treslag som t.d. valnøtt?
- Skal ein ta inn samtida inn i heggen? Tenke effektivisering?
- Skal det vere nyare rosesortar som er hardføre og blømer lenge – eller skal det vere gamle ikkje remonterandeortar med god lukt?
- Kor strengt skal ein halde seg til historisk dokumentasjon når det berre er eit øyeblikksbilde?
- Kva bør gjerast med verneverdige tre som trugar slottet? Korleis skal ein fornye heggen?
- Kva er verneverdi? Er det nytteverdi? Estetisk verdi? Alder? Verdi er subjektivt og det finst ingen fasit.



Foto 3. Geir Flatabø held føredrag Hagecafeen.

Etter føredraget i Hagekafeen tok Geir Flatabø og Jørgen Halvorsen oss med på ei vandring i Renaissancehagen gjennom Rosehagen og Landskapsparken. Diskusjon før, underveis og etter (foto 4,5,6 og 7).



Foto 4 - 7. Glimt frå rosehagen og omvisinga i landskapsparken.

Turen fortsette til husmannsplassen Treo (foto 8), langs med Hattebergfossen og gjennom beitemarka i Hattebergdalen. Vi var innom stova på husmannsplassen der Margunn Eik orienterte litt om historia.



Foto 8. Husmannsplassen Treo frå 1840-åra er og ein del av Baroniet Rosendal.

Ved vårfloren var det ei orientering om bruken av utmarka og mjølking i vårfloren (foto 9).




Foto 9. Vårfloren i Hattebergdalen.

Vi såg også på granplantefeltet bak vårflora som vinden hadde herja stygt med. Kanskje det hadde vore betre å plante bøk eller valnøtt her?

Tida gjekk fort, og vi måtte snu før vi kom til Hattebergfossen for å gjere oss klare til den store slottsaftea.

Den store kvelden vart innleia av professor i kunsthistorie Magne Malmanger som

heldt føredrag om nasjonalromantikken og korleis kunstnarane såg landskapet.

Kvelden heldt fram med kunststilling av Kitty Kielland, omvising i herskapsetasjen på 1600-talsslottet, klaverkonsert v/ Jan Henrik Kayser i Den røde sal, tre retters middag i Den blå sal. Det heile vart avrunda med kaffi og kaker ved 1600-tals grua på Gamlakjøkenet. FOR EIN KVELD!



TYSDAG 26. AUGUST

NETTVERKSBYGGING

NORGESGÅRSPROSJEKTET

Innleiing om forprosjektet v/Liv Byrkjeland og Leif Hauge. Føredraget finn du i [vedlegg 3.](#)

Presentasjon av utvalde modellgardar:

De Heiberske Samlinger v/Liv Byrkjeland
([vedlegg 3](#))

Jærmuseet v/Knut Austad
([vedlegg 4](#))

Mjøsmuseet v/ Tom H. B. Haraldsen
([vedlegg 5](#))

Havråttunet v/Marit A. Jensen
<http://www.museumsnett.no/salhus/havratu.net.htm>

Vadsø museum/Ruija kvenmuseum
v/Cecilie Johansen
<http://www.museumsnett.no/vadsomuseet/>
Sør Varanger museum v/Bodil Dago
([vedlegg 6.](#))

NETTVERKSINFORMASJON

Presentasjon av eit skogseterprosjekt
v/Knut Ola B. Storbråten, Odalstunet.
Presentasjonen om skogsætting og restaurering av kulturlandskapet rundt Skålbergsætra, sjå [vedlegg 7.](#)

”Arvesølv - Biomangfold i kulturlandskapet” v/Åsmund Asdal, Norsk Genressursenter.
Presentasjon av *In situ* bevaring av planter på museum, både kulturplanter i form av nyttevekstar og grasproduksjon. Ta vare på genressursar for framtidens landbruk. Sjå <http://www.genressurser.no/>

Kartlegging av klosterplanter og historiske hageroser i Noreg v/Per Arvid Åsen, Agder naturmuseum og botaniske hage.

Hurtig gjennomgang av kartlegging av klosterplanter på 31 lokalitetar i Noreg, og om historiske roser, sjå [vedlegg 8.](#)

VAL AV STAD FOR NETTVERKSSAMLING I 2009

Presentasjon av Nordøstedalsmuseet
v/Per Hvamstad ([vedlegg 9](#))

Presentasjon av Kongsgården v/Stein Sunde. www.norskfolkemuseum.no

FAGLEGE FØREDRAG

Historiske hagar - registrering av planter v/ Mari Marstein og Vibeke Vange ([vedlegg 10](#))

Skjøtsel av kulturlandskap – døme frå tre prosjekt som blir skjøtta meir eller mindre på dugnadsbasis: Bøenseter, Ryghsetra og Mikkelerud v/ Kristina Bjureke ([vedlegg 11](#)).

Vi fekk ikkje vist Hovedøyafilmen på grunn av tekniske problem, men filmen skal visast på TV2 i desember slik at det kan bli høve til å sjå den på TV då.

Etter enno ein nydeleg lunsj var det tid for oppsummering og avsløring av kva museum som hadde vunne ”valkampen” om neste nettverkssamling i 2009. Det var Kongsgården og Norsk Folkemuseum som gjekk av med sigeren med knappast mogleg margin. Berre 2 poeng skilde mellom dei tre øvste plassane.

Nettverkssamlinga i Rosendal vart avrunda med at Stein Sunde saman med Helle Rød og George Chioko ønska oss velkomne til neste års samling på Kongsgården i juni 2009.